

Skal dei fattige landa greie å utvikle ei sunn landbruksnæring som kan bidra til sosial likskap og rettferd, bør dei halde seg langt unna utvikling av frihandel og agribusiness og eventuelt andre råd økonomen Jeffrey Sachs og vennane hans komer med, skriver **Bjørn Egil Flø** ved Norsk senter for bygdeforskning.

Emissæren Sachs

DEBATT & INNLEGG

Eg får dei same assosiasjonane kvar gong eg ser han avbilda. Jeffrey Sachs, denne nyvaska stjerneøkonomen som med sine enkle reknestykke og løysingar føreset konsekvent at alle forslag verkar som dei er tenkt.

Han greier på eit underleg vis å setje meg attende til indremisjonsmøta i mi heimlege sunnmørsgrend på slutten av 70- og fyrst på 80-talet.

For der står han, emissæren, smilande og nykjemd i blåskjorta si, med ein ulasteleg slipsknute perfekt stramma under adamspletet. Men det er meir enn utsjånaden spesialrådgivar for FN og prestisjeøkonom Sachs har til felles med min barndoms emissærar. Ingen av dei har nemleg nokon sinne spurt etter empiriske prov for læra dei predikar.

I førre veka var Sachs på ny ute å forfekta frihandel og ein ny, grøn revolusjon som løysinga i kampen mot fattigdom og svolt i verda.

Ein kvar oppegående person vil sjølv sagt spørje seg korleis det då heng saman at det kan oppstå ei matvarekrise nett no når det aldri har vore meir frihandel i verda? Eller korleis kan det ha seg at det kan vere matvareknappleik når me aldri heller har nytta større mengder kunstgjødsel og sprøytemiddel og aldri har me hatt større utbreiing av mirakelteknologien GMO i planteproduksjonen heller? Men – altså likevel – folk svelt.

Poenget er at medan dette er spørsmål du, ein alminneleg oppegående verdborgar, spør deg, så er det samstundes spørsmål som ikkje vedkjem Sachs eller nokon av dei andre frelste Friedman-disiplane. For desse karane er ikkje som Peter. Desse karane fornekta ikkje sin herre sjølv om det buttar litt mot, nei dei krummar nakken og går hardare ut enn nokon sinne. Dei er kanskje mest å samanlikne med 70-talets marxist-leninistar som nekta å sjå Stalin sine herjingar, dei tviheld på teorien og fornekta alle empiriske prov som fortel oss at teorien perverterar i praksis.

Men til forskjell frå 70-talets revolusjonære, står ikkje Sachs

■ **FELLES.** Det er meir enn utsjånaden Jeffrey Sachs (bildet) har til felles med min barndoms emissærar, skriver Bjørn Egil Flø. Foto: Bloomberg News



aleine og han står heller ikkje langt frå makta. Kring han surrar nemleg verdas mektigaste politikarar pluss ei handfull avdanka britiske kjendismusikarar som alle innbillar seg å ha fått tildelt vet saman med titlane sine. For medan frihandel einast styrkar dei industrialiserte næringssektorane i dei alt rike landa er det proteksjonisme og eksklusive handelsavtalar som historisk sett har vist seg effektiv for land som har greidd å ta seg ut av fattigdomen. Fattige lands landbruk aleine, vil neppe kunne

Ein kvar oppegående person vil sjølv sagt spørje seg korleis det heng saman at det kan oppstå ei matvarekrise nett no når det aldri har vore meir frihandel i verda

spele ei tilsvarande viktig rolle sjølv om dei eventuelt skulle lykka i å gjennomføre ein transformasjon frå småskala hus-haldsnæring til agribusiness. Til det er både dei infrastrukturelle og dei institusjonelle føresetnadane i den tredje verda for svake. Då hjelper det heller ikkje at arrogante maktinstitusjonar som WTO og Verdsbanken pressar landa til ytterlegare å bygge ned det vesle dei har av offentlege forvaltning og politisk styring av økonomien.

Skal dei fattige landa greie å

utvikle ei sunn agrar næring som kan bidra til sosial likskap og rettferd, bør dei halde seg langt unna utvikling av frihandel og agribusiness og eventuelt andre råd Sachs og vennane hans skulle kome med. Då bør ein rette merksemda mot korleis ein skal sikre nasjonalt eigarskap til landets eige distribusjons- og foredlingsledd og hindre at det fell i hendene på multinasjonale selskap. Skal ein greie det lyt ein nok snu seg til heilt andre institusjonar enn WTO, for landbrukspolitikken



■ **FRIHANDELS-DOGME.** Bjørn Egil Flø (bildet) om Jeffrey Sachs.

har langt fleire møtepunkt med både sosial og velferdspolitikken samt med tryggingspolitikken enn den har med både nærings-, industri og handelspolitikken.

Nett det vert også trekt fram i The International Assessment of Agricultural Science and Technology for Development (IAASTD) sin rapport som vart lagt fram 15. april i år. Sidan 2002 har meir enn 400 forskarar frå heile verda vore samla i det som kan kallast jordbrukssektoren sitt svar på FN sitt klimapanel. Arbeidet, som er finansiert av Verdsbanken, har vore under oppsyn av ei styringsgruppe som består av 30 regjeringar, 30 NGOer, deriblant også represen-

tantar frå agribusinessinteressene.

Konklusjonane var eintydige for lokalt eigde småskala agrokologiske løysingar. Rapporten går kraftig imot storskala industrilandbruk og åtvarar mot risikoen som ligg i monokultur og det dei omtalar som «industriplantesortar» i jordbruket. Den stiller seg også relativt kritisk til genmanipulerte landbruksprodukt sjølv om dei, noko overraskande, ikkje avviser at GMO kan spele ei viss rolle for matvaresituasjonen. Viktigast av alt er det likevel at den sterkt frihandelskritiske rapporten som er utvikla innanfor Verdsbankens eige institusjonelle system og som utvitydig slaktar dagens handelsregime, vert så fullstendig ignorert i norske media og i den norske offentlege debatten.

Det skjer samstundes som dei norske næringslivsjournalistane spring føtene av seg for å halde fram mikrofonen for den same mannen som rådde Jeltsin til å gjennomføre Russland sin «sjokkterapi» i 1991, ein terapi som opna dørene på vidt gap for landets mektige oligarkar.

Utan snev av kritisk evaluering føreskreiv han seinare ei tilsvarande «sjokkdoktrine» for Irak. Der sendte han over ein halv million offentleg tilsette på gata over natta. Det tragiske resultatet kom til syne då landet brått vart ståande utan både lækjarar, sjukepleiarar og politi. Likevel skal me altså vere nøydde til å akseptere at desse frihandelsemissærarane uimotsagt skal få lov å spreie sine dogma i norske næringslivsaviser.

Lønn til å begeistre?

Sist fredag ble temaet lønn og motivasjon omtalt på DN's debattside.

Innlegget risikerer å opprettholde et inntrykk av forholdet mellom lønn og motivasjon som hittil har resultert i stor misnøye i flere yrkesgrupper, i dette tilfellet sykepleiere og lærere.

Det største problemet med innlegget er at arbeidstagerne fremstilles som enten motivert eller umotivert («slappfisk»). Slik er det ikke.

Alle er motivert for noe, spørsmålet er om en er motivert til å utføre arbeidsoppgavene som en er betalt for. Dette har sammenheng med indre motivasjon som ikke utløses (og som Nyborg peker på) av lønn.



■ **WILLY HAUKEDAL.** – Alle er motivert for noe.

Det som teller er psykologiske forhold som interesse for faget og ønske om å gjøre noe betydningsfullt.

Men lønn er ikke bare penger. Lønn er også psykologi fordi den har signal- og symbolverdi. Lønnsnivået sier noe om verdien samfunnet setter på deg og arbeidsinnsatsen din, altså betydningen av det du leverer. Det sier også noe om kontrollen du har hatt på karrieren din. Lønn signaliserer i tillegg arbeidsgivers vurdering av deg som arbeidstager og medarbeider.

Oppfattet høy lønn danner derfor grunnlaget for selvfølelse, gjensidig respekt og tillit. Det er på tide å avlive myten om at lønn ikke skaper motivasjon (og når det kommer til stykket – hvor mange av oss ville beholdt jobben om den ikke lenger ble lønnet?).

Det som er riktig er at motivasjon til innsats kan oppstå til tross for dårlig lønn. Men det er jo noe helt annet.

Så hva blir da den rette formelen?

Det finnes ingen rett-i-koppen løsninger, men ingen går svært feil med disse tiltakene: Romslig og opplevd rettferdig fast lønn, kjente og aksepterte mål, og en adekvat infrastruktur for å få jobben gjort.

Ledere som legger forholdene til rette, men ellers slipper sine folk til, kompletterer bildet på motiverende arbeidsplasser. Vanskeligere er det ikke.

Willy Haukedal, professor NHH